



ULSTEIN KOMMUNE

Forvaltningsplan for hjort 2025–2027



Foto: Bjørnar Eikenes

Vedteke:

Forord

Planen skal gjelde fra 2025 – 2027, og skal evaluerast og reviderast innan 01.05.2027. Om det har skjedd store endringar, som kan påverke hjorten i Ulstein, må det vurderast om planen må reviderast tidlegare.

I planen vert det lagt opp til to ulike avskytingsstrategiar. Vi vil difor dele kommunen opp i Ulstein kommune nord og Ulstein kommune sør, der Ulsteinvik er skilje mellom nord og sør. Dette på grunn av at bestandssituasjonen er svært ulik nord og sør for Ulsteinvik.

Planen er utarbeidd av landbruksavdelinga i Herøy kommune. Etter at høyringsfristen gjekk ut den 26.03, blei den endelige versjonen vedteke av viltutvalet **xxxx** og i Teknisk utval den **xxxx**.

Innhold	
1.Innleiring	4
1.1 Bakgrunn for planen	4
1.2 Lovverk	4
1.3 Planprosessen.....	5
1.3 Minsteareal, valdsstruktur og teljande areal	5
2 Hjorten i Ulstein kommune	6
2.1 Fellingsresultat	6
2.2 Felte dyr.....	7
2.3 Slaktevekter	7
2.4 Sett hjort.....	8
2.4.1 Sett hjort per jegerdag	9
2.4.2 Sett kolle per bukk	10
2.4.3 Sett kalv per kolle	11
2.4.4. Sett spissbukk per bukk.....	11
2.5 Vårteljing.....	11
2.6 Jakttrykk	12
2.7 Fallvilt og påkøyrlar.....	13
2.8 Skadar på innmark	14
2.8.1 Innmark	14
2.9 Naturmangfold	14
3 Forvaltningsmål og tiltak	14
3.1 Hovudmål for hjorteforvaltninga i Ulstein kommune	14
3.2 Delmål.....	14
3.2.1 Bestandsstørleik og slaktevekter.....	14
3.2.2 Bestandssamansetning	15
3.2.3 Arealsbrukskonflikta	16
4. Bestandsplanar	17
4.1 Krav i planen	17
4.2 Tilrådd plan for årleg avskyting	17
5. Årshjul hjorteforvaltning	18
Kjelder	18

1. Innleining

1.1 Bakgrunn for planen

Hjortejakta er viktig i Ulstein kommune. Det er mange som er engasjerte i jakta både av jegerar og grunneigarar. Siste 20 åra er det felt mellom 80 og 144 hjortar i året.

Førre forvaltningsplan i Ulstein kommune er frå 2013 – 2016. Det er difor på høg tid å lage ny forvaltningsplan som er i tråd med dagens hjortebestand. Planen vil ta for seg statistikk frå kommunen, mål for forvaltninga, og utfordringar og tiltak knytt til forvaltning av hjorten. Forvaltningsplanen vil bli viktig i forvaltninga og set rammene for tildeling til vald utan bestandsplan. For vald med bestandsplan, skal planen vere i tråd med kommunen sine målsetjingar og tiltak for å bli godkjend.

1.2 Lovverk

Viltlova

§ 1 seier at viltet og viltet sine leveområder skal forvaltast i samsvar med naturmangfaldlova og på ein slik måte at naturen sin produktivitet og artsrikdom ivaretakast. Innafor den ramma kan viltproduksjonen haustast til gode for landbruksnæring og friluftsliv.

Naturmangfaldslova

§1 “Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur”

§5 (Forvaltningsmål for artar) “Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av. Forvaltningsmålet etter første ledd gjelder ikke for fremmede organismer.”

§ 8. (Kunnskapsgrunnlaget) “Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Det genetiske mangfold innenfor domestiserte arter skal forvaltes slik at det bidrar til å sikre ressursgrunnlaget for fremtiden.”

Dyrevelferdslova

§1 (Formål) “Formålet med loven er å fremme god dyrevelferd og respekt for dyr”

§3 (Generelt om behandling av dyr) “Dyr har egenverdi uavhengig av den nytteverdien de måtte ha for mennesker. Dyr skal behandles godt og beskyttes mot fare for unødige påkjenninger og belastninger.”

Hjorteviltforskrifta

§1 (Formål)

"Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulykker på andre samfunnsinteresser"

§ 3 (Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr)

"Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane."

§ 4 (Interkommunalt samarbeid)

"Kommunene bør samarbeide om felles mål for hjorteviltbestandene når det er hensiktsmessig å samordne bestandsplanleggingen over kommunegrenser.

Fylkeskommunen kan pålegge kommuner å inngå i et slikt samarbeid hvis det anses som nødvendig for å ivareta bestands- eller samfunnsmessige hensyn på et regionalt nivå."

1.3 Planprosessen

Utkastet til forvaltningsplan vert lagt fram for Viltutvalet i Ulstein, før det vert sendt på høyring til valda, nabokommunar, fylkeskommunen og andre lag og organissasjonar. Etter at høyringsfristen er gått ut og innspela er evaluert, skal forvaltningsplanen godkjennast først av viltutvalet, og deretter i Teknisk utval i Ulstein kommune.

1.3 Minsteareal, valdsstruktur og teljande areal

Teljande areal i heile kommunen er ca. 75600 dekar. Valda variera i størrelse frå 2700 daa til 17250 daa. Det er i 2025, 10 vald i kommunen, der 3 av valda har bestandsplan. Minstearealet i Ulstein kommune er 500 dekar, og kan fråvikast med inntil 50 % etter § 7 i forskrift om forvaltning av hjortevilt. Tildelingane i kommunen variera per 2025 frå 250 til 750 dekar per tildelte dyr. Runda av til nærmeste heile dyr.

Valdnamn	Teljande areal	Løyve 2024	Dekar per løyve
Flø	17255	39	440
Ulstein/Skeide	12175	16	760
Vik/Hofset	2360	9	260
Ringstaddalen	14543	29	500
Garnes	2710	5	540
Hasund/Strandabø	3365	6	560
Dimnøya	7170	22	326
Garshol/Botnen	2460	4	617


Eiksund	10930	23	475
Osnes	2585	3	860

Figur 1: Vald, teljande areal, tildelte løyve i 2024 og dekar per løyve.

2 Hjorten i Ulstein kommune


2.1 Fellingsresultat

Frå eit fellingsresultat på 93 hjortar i 2005, har talet fellingar auka. Det var fellingsrekord i 2024 med 144 felte hjortar.




Figur 2: Utvikling i tal tildelte og felte hjort i perioden 2005-2024.

2.2 Felte dyr



Figur 3: Fordeling av felte dyr i kategoriene kalv, spissbukk (1,5 år), ungkolle (1,5 år) , eldre kolle (2,5 år og eldre) og eldre bukk (2,5 år og eldre) i perioden 2015-2024.



Figur 4: Samla kjønnsfordeling i uttaket for vaksne dyr (1,5 år og eldre) i perioden 2015 – 2024


I heile perioden har det vore ei overvekt av hanndyr i uttaket.

2.3 Slaktevekter

Utviklinga i slaktevekter av kalv og ungdyr (1,5 år) kan seie oss noko om kondisjonen til bestanden. I Ulstein kommune gjekk slaktevektene på både kalv og ungdyr ned fram til 2016/2017. Slaktevektene har etter den tid stabilisert seg.




Figur 5: Syner gjennomsnittleg slaktevekt for kalv i perioden 2011-2024.



Figur 6: Syner gjennomsnittleg slaktevekt for ungdyr (1,5 år) i perioden 2011-2024.

2.4 Sett hjort

Sett hjort – metoden er ei systematisering av jegerane sine observasjonar under jakta. Data gjev ikkje nokon nøyaktige tal for bestandsstorleiken eller liknande, men seier noko om utviklinga over tid. Trendane vist under er laga på kommunenivå og vil kunne bli påverka av det som skjer innafor dei forskjellige årsleveområda til hjorten utanfor kommunegrensa. Det er stor grunn til å tru at ein del dyr trekkjer mellom Ulstein og Hareid, og vert påverka av avskytinga i begge kommunane.




Figur 7: Syner tal jaktfelt som har registrert sett-hjort i perioden 2015 – 2024.

Frå 2005 til 2022 har tal jaktfelt som har registrert sett-hjort auka frå 1 jaktfelt i 2009 til 28 jaktfelt i 2024.

2.4.1 Sett hjort per jegerdag

Sett hjort per jegerdag er eit mål for talet hjort kvar jeger ser i snitt per jegerdag. Sett hjort per jegerdag kan vere ein peikepinn for utviklinga i hjortebestanden. Om verdien aukar, er det fordi bestanden aukar. Det er ikkje gitt at bestanden aukar eller minkar like mykje som sett hjort per jegerdag indikera.




Figur 8: Syner sett hjort per jegerdag i perioden 2015 til 2024


Frå 2015-2018 var det ei markant auke i sett hjort per jegerdag, før det minka fram til botnåret i 2022. Frå 2022 – 2024 har sett hjort per jegerdag auka nesten tilbake til toppåret i 2018

2.4.2 Sett kolle per bukk


Ein låg andel bukk i eit bestand kan føre til seinare brunst hos kollene som kan resultere i seinare fødde kalvar. Sett kolle per bukk bør ligge på 1,5 eller lågare for å ha tilstrekkeleg tal bukkar i bestanden. Som ein kan sjå i figur 7 har sett kolle per bukk held seg mellom 0,79 og 1,58 i perioden.



Figur 9: Sett kolle per bukk, sett kalv per kolle, og sett spissbukk per bukk i perioden 2015 – 2024.



Figur 10: Sett kolle per bukk i Ulstein kommune nord i perioden 2015 – 2024



Figur 11: Sett kolle per bukk i Ulstein kommune sør i perioden 2015 – 2024

2.4.3 Sett kalv per kolle


Sett kalv per kolle er eit mål som kan fortelje oss noko om endring i produksjonen. Som ein kan sjå i figur 7, har sett kalv per vore nokolunde stabil, med unntak av 2022 og 2023. I desse 2 åra vart det sett svært lite kalv på Dimnøya hjortevald, noko som påverka statistikken i stor grad. I 2024 var sett kalv per kolle tilbake til normalen i valdet.

2.4.4. Sett spissbukk per bukk

Sett spissbukk per bukk kan vise litt om alderen blant hanndyra i bestanden, og korleis alderssamsetninga utviklar seg. Fram til 2023 har sett spissbukk per eldre bukk auka, og det kan tyde på at alderen blant hanndyra har gått ned. Det er for tideleg å seie noko om den store nedgangen i 2024.

2.5 Vårteljing

Kvar vår blir det i kommunen talt hjortar på innmarka i alle vald. Det er viktig at metoden for gjennomføringa er lik år etter år for å få best mogeleg utbytte av resultata.




Figur 12: Snitt talde dyr på vårteljing per år i perioden 2001-2024

Fyste åra i teljepersonen gjekk vårteljingstala mykje ned, før dei sidan botnåret i 2006 auka til 141 dyr i 2022. I 2023 og 2024 har talde hjort gått mykje ned.

Sett hjort per jegerdag og vårteljingane syner ikkje det same. Siste to åra har sett hjort per jegerdag auka mykje, medan vårteljingane har gått mykje ned. Det spekulerast i om bruken av termisk under jakt har ført til at sett hjort per jegerdag har auka, medan vårteljingane vert gjort på same måten kvart år, utan termiske hjelpemiddel.

2.6 Jakttrykk


Jakttrykket vert uttrykt som kor mange dyr som vart felt i forhold til kor mange dyr som vart sett under jakta. I om lag heile perioden har jakttrykket vore høgare på hanndyra ein på hodyra. For kalv skjedde det ei endring i 2022. Jakttrykket på kalv auka betrakteleg. Dette kan sjåast i samanheng med at sett kalv per kolle var svært låg i 2022 og 2023, samt at det vart opna for kvotefri jakt på kalv.



Figur 13: Jakttrykket i form av prosent felte av sette dyr for kategoriene bukk, kolle og kalv, i perioden 2015 - 2024.

2.7 Fallvilt og påkøyrslar

Fallvilt og påkøyrslar vert registrerte i hjorteviltregisteret. Som ein kan sjå i figur 12 er det til tider store variasjonar mellom åra.



Figur 14: Tal påkøyrslar i perioden 2015-2024.



Figur 15: Syner påkøyrslar av hjort i perioden 2015 – 2024

Som ein kan sjå har om lag alle påkøyrlane vore på mellom Eiksund og Ulsteinvik.

2.8 Skadar på innmark

Hjorten er nøyne på val av beite heile året. Hjorten kan klassifiserast som ein intermediær beitar, som vil seie at den gjerne har både grasvekstar, urter, kvistar og knoppar i dietten.

2.8.1 Innmark

På innmarka kan hjorten føre til betydelege skadar. Kor store skadane blir, avhenger av tal dyr, varigheit, tid på året, med meir. Det kan sjåast hjort på innmarka gjennom heile året, men det er kanskje spesielt om våren kan det ofte sjåast store flokkar med hjort på innmarka. Per no finst det inga database der skadar på innmark blir registrert, men i Ulstein er det rapportert om skadar på innmark i fleire vald. Utifrå dette er det svært viktig at valda tek høgde for dette i bestandsplanane sine, slik at dyra kan fellast der dei er, og der dei gjer skade. Eit eksempel på dette vil vere å «halde av» ekstra løyper til dei som får skadar på innmarka.

I ekstraordinære tilfelle kan det søkjast skadefellingsløyve utanom ordinær jakttid.

2.9 Naturmangfold

Ein høg hjortebestand kan slå negativt ut over naturmangfaldet. Er bestanden for stor, kan dette føre til at andre artar som for eksempel den raudelista arten alm verte truga. Ifølgje artsdatabanken er beiting av hjortevilt ei av to hovudårsakar til tilbakegangen av alm.

3 Forvaltningsmål og tiltak

3.1 Hovudmål for hjorteforvaltninga i Ulstein kommune

Mål: *Hjortebestanden i Ulstein skal forvaltast på ein slik måte at ein sikrar ein sunn, livskraftig hjortestamme med omsyn til ressursgrunnlag, og samfunns- og næringsinteresser. Det skal arbeidast mot at stammen skal ha ei god kondisjon, og god alders- og kjønnsfordeling.*

3.2 Delmål

3.2.1 Bestandsstorleik og slaktevekter

Mål:

Hjortebestanden skal reduserast i planperioden. Sett hjort per jegerdag skal stabiliserast på eit nivå under 2,0.

Tiltak i planperioden:

- Valda i kommunen skal utarbeide sine bestandsplanar slik at dei er i tråd med forvaltningsplanen.

- Sikre høgt nok uttak av dyr, og rett uttak av unge dyr og produksjonsdyr.

- Alle jaktdagar og informasjon om felt hjort skal registrerast i sett og skutt/hjorteviltregisteret. Felte dyr skal vegast.
- Kommunen skal aktivt bruke 50 % regelen ved tildeling av fellingsløyve.
- Kommunen (i samråd med valda) skal vurdere om minstearealet skal endrast om ein ser tydeleg reduksjon/vekst i hjortebestanden.
- Årlege møte med valda.

3.2.2 Bestandssamsetning

Mål:

Å forvalte hjortebestanden slik kjønnssamsetninga og aldersfordelinga blir betre. Sett kolle per bukk indeksen skal stabiliserast på eit nivå mellom 0,8 og 1,2. Sett spissbukk per eldre bukk skal ikkje overstige 0,25 i slutten av perioden.

Bakgrunn for målet: Siste åra har det vore teke ut ei overvekt av hanndyr, til tross for at sett hjort syner at hanndyra truleg er i mindretal i kommunen.

For å betre kjønnsbalansen i form av større del bukkar, og i tillegg auke gjennomsnittsalderen, må ein redusere del hanndyr i uttaket, samt skyte ein stor del kalv og ungdyr. Kalvar har naturleg høg dødelegheit, og det er difor naturleg å ha ein stor del kalv i uttaket.

I Ulstein kommune er det stor forskjell på kjønnssamsetninga i valda (sjå figur 8 og 9). I området nord for Ulsteinvik er sett kolle per bukk jamt over låg, men aukande. Her har det vore teke ut svært mykje bukk siste åra, og det er no behov for å avgrense uttaket i området. Totalt sett er det mangel på eldre bukk på Hareidlandet.

I områda sør for Ulsteinvik er sett kolle per bukk høg. Utifra dette vert det skilt på kva valda kan ta ut. Det godtakast at valda nord for Ulsteinvik kan ta ut ei overvekt av hanndyr, medan valda sør for Ulsteinvik skal ta ut ei overvekt av hodyr. Uttaket av eldre dyr skal reduserast betrakteleg i heile kommunen.

Ved å skilje på avskytingsprofilane mellom områda, reknar vi med at kjønnsbalansen kan bli meir jamn over heile kommunen. Dette vil gjøre det lettare for både kommunen og valda å forvalte hjorten i Ulstein.

Tiltak i planperioden:

- Lita overvekt av hodyr i uttaket.

- Auke del kalv og unge koller i uttaket.

Rammer for avskyting:

Ulstein kommune nord:

Kalv	Kolle (1,5 år og eldre)	Bukk (1,5 år og eldre)
Minimum 25 %	Minimum 25 %	Maksimum 40 %
		Minimum 10 % spissbukk Maksimum 30 % eldre bukk (2,5 år og eldre)
Kalv og ungdyr (1,5 år) bør minimum utgjere 70 % av uttaket		

Ulstein kommune sør:

Kalv	Kolle (1,5 år og eldre)	Bukk (1,5 år og eldre)
Minimum 35 %	Minimum 30 %	Maksimum 20 %
		Minimum 10 % spissbukk Maksimum 10 % eldre bukk (2,5 år og eldre)
Kalv og ungdyr (1,5 år) bør minimum utgjere 70 % av uttaket		

3.2.3 Arealsbrukskonfliktar

Mål: *Tal påkøyrlar bør ikkje overstige 5 per år. Beiteskadar på jord og skogbruksareal på eit lågt nivå, som er akseptabelt for jord og skogeigarar.*

Bakgrunn for målet: Det er fleire vald som har rapportert om skadar på innmark. Tal påkøyrlar har haldt seg på eit lågt nivå siste åra, og det bør arbeidast for å sikre at tal påkøyrlar held seg lågt. Påkøyrlar kan føre til store lidningar for hjorten, samt vere til fare for trafikantar.

Tiltak i planperioden:

- Redusere hjortebestanden
- Uttaket av hjort bør vere høgt i områder med store skadar på jord og skog
- Uttaket av hjort bør vere høgt i områder med mykje påkøyrsalar
- Kommunen skal aktivt bruke 50 % regelen ved tildeling av fellingsløyve
- Registrere fallvilt i hjorteviltregisteret og bruke dette aktivt.

4. Bestandsplanar

Ein bestandsplan er ein plan for avskytinga av ein hjorteviltart fordelt på alder og kjønn. Planane er fleirårige og kan vere gjeldande for opp til fem år. For hjort kan vald eller bestandsplanområde med eit areal på større ein 20 gongar minstearealet søkje til kommunen om godkjenning av bestandplan. I Ulstein kommune vil dette seie at vald som er større ein 10 000 dekar har anledning til å utarbeide bestandsplan.

4.1 Krav i planen

Det er fleire krav for å få ein bestandsplan godkjent.

- Plane skal innehalde mål for bestandsutviklinga. Måla skal vere i tråd med kommunen sine mål.
- Plan for den årlege avskytinga i tal dyr. Minimum fordelt på kategoriane kalv, vaksne hodyr, vaksne hanndyr og spissbukk.

4.2 Tilrådd plan for årleg avskyting

Ulstein kommune nord:

- Minimum 30 % kalv
- Minimum 30 % vaksne hodyr
- Maksimum 25 % spissbukk
- Maksimum 15 % eldre bukk
- Minimum 70 % av felte dyr skal vere kalv og ungdyr (1,5år)

Ulstein kommune sør:

- Minimum 45 % kalv
- Minimum 40 % vaksne hodyr
- Maksimum 10 % spissbukk
- Maksimum 5 % eldre bukk
- Minimum 70 % av felte dyr skal vere kalv og ungdyr (1,5år)

I planane skal det gå fram at fordelinga skal basere seg på faktisk felte dyr.

5. Årshjul hjorteforvaltning

Dato	Kva	Kven
1.mars	Framlegg om endring av minsteareal	Kven som helst
1.april	Melde frå om endring i eigedomsforhold og grenser	Valdsansvarleg
15.april	Fastsetting av minsteareal	Kommunen
1.mai	Søknad om godkjenning av nytt/endring av vald	Valdsansvarleg
1.mai	Søknad om godkjenning/endring av bestandsplan	Valdsansvarleg
1.mai	Søknad om godkjenning av nytt/endring i bestandsplanområde	Representant for bestandsplanområde
15.juni	Frist for å godkjenne vald/bestandsplan/bestandsplanområde og tildele fellingsløyve	Kommunen
10 dagar etter jaktslutt	Levere fellingsrapport	Valdsansvarleg

Kjelder

Mysterud, A., Loe, L.E., Meisingset, E., Zimmermann, B., Hjeltnes., Veiberg, V., Rivurd, I.M., Skonhoft, Anders., Olaussen, J.O., Andersen, O., Bischof, R., Bonenfant., C., Brekkum, Ø., Langvatn, R., Flatjord, H., Syrstad, I., Aarhus, A & Holthe, V., (2011). *Hjorten i det norske kulturlandskapet: arealbruk, bærekraft og næring.*

Meisingset, E., Brekkum, Ø., Ebbesvik, M. (2008). *Kartlegging av beitestatus i vinterområder for hjort på Søre Sunnmøre.* Bioforsk Rapport Vol. 3 Nr. 70 2008.

Solberg, E.J., Veiberg, V., Strand, O., Hansen, B.B., Rolandsen, C.M., Andersen, R., Heim, M., Solem, M.I., Holmstrøm, F., Granhus, A., Eriksen, R. & Bøthun, S.W. (2022)

Hjortevilt 1991-2021. Oppsummeringsrapport fra Overvåkingsprogrammet for hjortevilt. NINA Rapport 2141. Norsk institutt for naturforskning.

Meisingset, E (2008, 01. april). *Alt om hjort.*

Norsk hjortesenter. (2015, 15. november). *Er det galt å skyte mye bukk?.*
<https://www.hjortesenteret.no/2020/10/01/er-det-galt-a-skyte-mye-bukk/>